



Bergen kommune - Byrådsavdeling for klima,
kultur, og næring
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato: 12.04.2016
Vår ref.: 2015/10661-123
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Invitasjon til å levere tilbud på om å stå som arena for UKM-festivalen i Hordaland 2017

Hordaland fylkeskommune inviterer Fana kulturhus v/ Fana og Ytrebygda kulturkontor til å delta i konkurranse om å stå som arena for UKM-festivalen i Hordaland 28.- 30.april 2017 (3 heile dagar).

Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for arbeidet med UKM Hordaland og at UKM-festivalen vert avvikla kvart år i Hordaland. For åra 2016 og 2017 er AKKS Bergen engasjert som produsent av festivalen.

UKM (Ung Kultur Møtes), også kjent som Ungdommens Kulturmønstring, har utvikla seg til å bli det som i dag sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM er mange små lokale festivalar der ungdom kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM skal vere Noregs viktigaste møteplass for ung kultur.

Vidare er fylkeskommunen m.a. ansvarlig for rettleiing som fylkeskontakt for kommunanes lokale UKM arrangement, fungere som eit mellomledd og informasjonskanal mellom UKM nasjonalt, UKM regionalt og UKM lokalt, bidra med nettverk og kompetanse med tanke på utvikling av UKM-konseptet, samarbeide med URG (ungdommens ressursgruppe) representantane i Hordaland om utviklingstiltak, og planlegge og gjennomføre reise for deltakarar til UKM-festivalen i Trondheim (landsfestivalen) i juni kvart år.

1. Krav til leverandøren

- Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til skatte- og meirverdiavgiftsinnbetaling.
- Leverandøren skal ha tilfredsstillande system for HMT.
- Hovudscene: Leverandøren må ha ei scene som UKM – deltakarane innan kategoriane «Musikk», «Litteratur», «Teater», «Dans» og «Anna» kan vise sine innslag frå. Leverandøren må i sitt tilbod vise til kor stor scena er og kor mange sittande publikummarar det er plass til i rommet.
- Utstillingsrom: Leverandøren må føreslå eit eiga rom på huset som kan vise kunstutstillinga til UKM-deltakarar som deltek i kategori «Utstilling». Rommet må vere stort nok til å vise inntil 40 kunstverk. Dette rommet skal vere eit adskilt rom frå scena for UKM – deltakarar innan kategoriane «Musikk», «Litteratur», «Teater», «Dans» og «Anna».
- Filmframsyning: Leverandøren må ha eiga lerret for å vise filmene til UKM-deltakarane som deltek i kategori «Film». Leverandøren må i sitt tilbod vise kor stor dette lerretet er og i kva rom dette lerretet kan plasserast i.

- **Teknikk:** Leverandøren må ha profesjonelle teknikarar til stade på arena, både under UA-workshop og UKM-festivalen i Hordaland. Det vil vere trong for ein ljudteknikar, ein ljosteknikar, to teknikarar bak scena (til rigging) og ein teknikar på scena. Teknikarane må inkludere UKM-deltakarar i kategori «Unge Arrangørar» i den tekniske gjennomføringa av arrangementet og vere villig til å dele arbeidsområdet sitt med desse ungdommane. Ungdomsmedverknad er ei føresetnad for UKM-festivalen i Hordaland. Leverandøren må i sitt tilbod vise til kor mange teknikarar dei kan stille med, totalkostnaden for desse og kva ansvarsområde desse har.
- **Workshops:** Leverandøren må i sitt tilbod vise kor mange rom på arena det er høve for å arrangere workshops for UKM-deltakarane under UKM-festivalen i Hordaland. I kvart rom for ein workshop må det vere plass til workshop-ansvarlege (1-3 personar) og inntil 30 UKM – deltakarar. Det er ein føremon at det er høve for å ete lunsj på desse romma. (Det kan opplystast at ved UKM-festivalen i Hordaland 2016 vart det nytta 7 rom til workshops. Det er ei målsetjing å auke tal på workshops i 2017).
- **Mat:** Leverandøren må i sitt tilbod vise om det er høve for å tilby matsservering til alle UKM – deltakarar og reiseleiarar (inntil 500 personer) på arenaen. Har leverandør avtale med ein serveringsleverandør må dette visast til.
- **Backline, PA, Lyd og Lys:** Leverandør må vise kva utstyr som inngår i tilbodet. Dersom leverandør har eit flygel som kan nyttast på hovudscena, må dette leggjast inn i tilbodet.
- **UKM Media:** UKM Media under UKM-festivalen i Hordaland består av UKM-deltakarar frå kategoriane «Nettredaksjon», samt ei gruppe elever frå ei vidaregåande skule (studieretning medium og kommunikasjon). UKM Media produserer livestreaminga av UKM-festivalen i Hordaland og medieinnhald til www.ukm.no/hordaland. Leverandøren må føreslå eit eiga rom på huset som UKM Media kan arbeide i. Dette rommet må ha plass til inntil 30 UKM-deltakarar.

2. Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av gjeldande kontraktvilkår for HFK og med standard formular for kontrakt.

3. Kravspesifikasjon / skildring av leveransen

Oppdraget er å stå som arena for UKM-festivalen i Hordaland 28.- 30.april 2017.

Tidsperspektiv:

Til saman tre heile dagar i april månad er i 2017 sett av til UKM-festivalen i Hordaland: **28.- 30.april 2017.**

UKM-festivalen i Hordaland 28.-30.april 2017:

Fredag 28.april:

Tidspunkt for bruk av arena: 09:00 – 23:00

Denne dagen vert sett av til scenetekniske prøver, rigging av UKM-sekretariat, oppsetting av UKM-plakatar på arena, registrering av deltakarar o.a. På kveldstid vert det arrangert eit Kick-off (konsert) på Hovudscena for å markere starten på UKM-festivalen i Hordaland. Det er mogleg at Kick-off vert opent for alle publikummarar, men fram til tidspunkt for Kick-off er dagen berre open for deltakerar, reiseleiarar og alle som jobbar med arrangementet.

Laurdag 29.april:

Tidspunkt for bruk av arena: 09:00 – 22:00

Denne dagen vert det arrangert workshops og sosiale aktivitetar for deltakarane og framsyningar der UKM-deltakarar viser seg fram for publikum. Førebelse tidspunkt:

Workshops (lukka UKM-arrangement): 10:30 – 12:30

Framsyningar (opent for publikum): 13:00 – 20:00

Opning av kunstutstilling (opent for publikum, men i eiga rom): 15:00 (open til kl.20:00)

Sosiale aktivitetar (lukka UKM-arrangement) 20:00 – 22:00

Sundag 30.april:

Tidspunkt for bruk av arena: 09:00 – 20:00

Denne dagen vert det arrangert workshops for deltakarane og framsyningar med UKM-deltakarar.

Førebelse tidspunkt:

Workshops (lukka UKM-arrangement): 10:30 – 12:30

Framsyningar (opent for publikum): 13:00 – 18:00

Kunstutstillinga (eiga rom, open for publikum): 13:00 – 18:00

UKM-festivalen i Hordaland er ei stor pakke av opplevingar, der summen av framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv., utgjør en heilskap, og eit minne for livet. Målet er at alle UKM-deltakarane tar del i festivalen, møter og blir kjent med andre, viser seg fram og samhandlar. Det dreier seg om mykje meir enn å gjere ein kjapp opptreden. UKM skal vektleggjast som ei møteplass, i tråd med styret i UKM Norge sine vedtekter.

4. Innlevering av anbod

Ved innlevering skal det følgje med et tilbodsbrief som skal være datert og signert av bemyndiga person, kor det tydeleg skal gå fram:

- Verksemda sitt namn
- Adresse
- Organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald skal klart gå fram av tilbodsbriefet med tilvising til kvar i tilbodet atterhaldet finst.

Tilbodet skal leverast til:

Namn: Marianne Ose Askvik

E-post: marianne.ose.askvik@hfk.no

5. Krav til dokumentasjon

- Skatteattest for meirverdiavgift frå skattefogden og skatteattest for skatt utstedt av kemnar/kommunekasserar, ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfristen.
- HMT-eigenerklæring

6. Tilbodsfrist

Tilbodsfristen er satt til **3. juni kl.15:00**. Innkomne tilbod innan fristen vert vurdert omgåande etter 3.juni.

7. Tildelingskriterier

Tildelingskriterium	Prioritet/vekt
Pris	50
Kvalitet	25
Service og levering	25

Kort forklaring av kriteria:

Pris: Samla kostnad for leveransen.

Kvalitet: Kvalitet ved fasilitetar, kompetanse og «hjarterom» på arena.

Service og levering: Evne til å gje unge og uerfarne utøvarar ei trygg ramme og dei fasilitetar og den støtte dei treng for å yte sitt beste.

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffingar. Denne anskaffinga si berekna verdi er under den nasjonale terskelverdi på 500 000 kroner ekskl. mva. Budsjettet til UKM Hordaland har difor

ein øvre grense i samsvar med nemnte terskelverdi, og er fritaken frå kunngjøringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelige føresegner (del I) og dei føresegnene som følgjer av dette konkurransegrunnlag.

Invitasjonen vert sendt til Fana Kulturhus, Stiftelsen Kulturhuset USF og Oseana Kunst og Kultursenter.

8. Anbudskonkurranse

Konkurransen vil bli gjennomført som en anbudskonkurranse. Forhandlingar er ikkje tillate. Leverandøren vert oppmoda til å gje sitt beste tilbud.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
Utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.